

Fra: Dina Johanne Lefdal [dina.lefdal@sfj.no]

Til: Inge Horstad [Inge.Horstad@sfj.no]

Kopi:

Sendt: 20.10.2017 08:14:53

Emne: VS: Innspel sognebåten

Vedlegg: image001.jpg

Denne tilhører vel også saka om endestogg.

Dina

Fra: Morten Askvik [mailto:Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no]

Sendt: tysdag 17. oktober 2017 23:07

Til: Dina Johanne Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>; Øystein Hunvik <Oystein.Hunvik@sfj.no>

Kopi: Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Gunn åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>; Hallvard Oppedal <hallvard.oppedal@gulen.kommune.no>; Karin Tonning Hatløy <Karin.Tonning.Hatløy@hyllestad.kommune.no>

Emne: Innspel sognebåten

Hei.

Viser til møtet på Leikanger den 06.10 om sognebåten. I notatet etter møtet står det at det er ønska innspel skriftleg. Reknar med at det er greitt å sende innspela her.

Viser til innspel sendt inn april 2017, og sender innspel hovudsakleg basert på innspela frå april 2017.

Fråsegnet tek utgangspunkt i fråsegn frå formannskapet vedteke den 20.04 i vår sak F-17/037

Høyringsuttale - endringar på ekspressbåtrutene Sogn - Bergen

Hyllestad kommune har følgjande fråsegn til endringar på ekspressbåtrutene Sogn – Bergen-Sogn:

Vi merkar oss at det er bede om fleire endringar på ruta til hurtigbåten mellom Sogn og Bergen.

Skal Hyllestad kommune støtte ei slik endring vil Hyllestad kommune følgjande føresetnadar:

Det er problematisk for dei som nyttar båten etter skule, arbeidstid, etter å ha vore på

sjukehuset i Bergen med meir at avreise frå Bergen vert framskunda frå 16.30 til 16.00.

Lokal bruk av hurtigbåten må vere eit viktig og høgt prioritert moment i vidare behandling.

Korrespondanse med hurtigbåten styrer mykje av samferdsletilbodet i kommunane. Derfor vil endring i anløpa ha stor påverknad på anna samferdsle. Hyllestad kommune føreset at fylkeskommunen har god prosess med kommunar og andre berørte ,samt legg til grunn at innbyggjarane i andre deler av fylket ikkje får dårlegare samferdsletilbod pga endring i anløp av hurtigbåten.

Vidare føreset Hyllestad kommune og at auke i kostnadar til hurtigbåten ikkje får negative ringverknadar for anna samferdsle eller andre tenesteområder til fylkeskommunen.

Vidare vil Hyllestad kommune minne om at ved førre ruteendring til Sognebåten fekk som konsekvens at Rysjedalsvika totalt tapte eit anløp i sommarruta. Hyllestad kommune føreset at endring med utvida sommarrute og må få den konsekvens at Nordfjordbåten har anløp på laurdagar i Rysjedalsvika i perioden kor Sognebåten ikkje går på laurdagar.

I tillegg:

Takstharmonisering med Nordfjordbåten må gjennomførast over tid slik at harmoniseringa ikkje får for store utslag på ein skilde år. Det er viktig at harmoniseringa ikkje får negative effekt på kundegrunlaget for Sognebåten.

Morten Askvik

Ordførar

Hyllestad Kommune

57789505

98885997

morten.askvik@hyllestad.kommune.no



